



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4973 - 18/32675

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrensa langs fylkesveg 393 til uttale - gbnr 215/19 Eidsnes ytre

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 215/19
Tiltakshavar: Lars Ludvig Eidsnes

Saka gjeld søknad om tiltak på gbnr 215/19 Eidsnes ytre. Søknaden omfattar tilbygg/inngangsparti som skal endrast frå to til ein etasje, nytt tilbygg på nordvestsida av bustaden, fasadeendring og endring av takvinkel frå 50 til 45 grader.

Søknaden er knytt til tidlegare godkjend tiltak på eigedomen. Tiltaket har gjennom prossessen blitt endra. Endringane er vurdert til å vera for omfattande til å kunne handsamast som endring av eksisterande tiltak og det er difor send inn ny søknad om løyve til tiltak. Tiltaket vil som følgje av dette også krevja at det vert gitt ny dispensasjon frå kommuneplanen når det gjeld arealføremål og byggjegrense mot veg.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Byggjegrensa mot fylkesveg 393 er 15 meter frå midt veg, jf. føresegn 1.6 i kommuneplanen.

Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen både når det gjeld arealføremål og byggjegrensa mot fylkesvegen.

VURDERING



Byggjegrensa mot veg er 15 meter, jf føresegn 1.6 i kommuneplanen. Det er kommunen som handsamar søknaden etter uttale frå Statens vegvesen. Det vert her vist til Statens vegvesen sin tidlegare uttale i saka datert 27.02.2015.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ny søknad om løyve til tiltak - gbnr 215/19 Eidsnes ytre
Dispensasjonssøknad
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Situasjonsplan
Teikningar
Gbnr 215-19 oversiktskart

Kopi til:

Lars Ludvig Eidsnes

Vestre Håbakken 11 4345

BRYNE

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4 6863

LEIKANGER